

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Trondheim, 14.04.2026

Dykkar ref.: 2022/628

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2025/16710

Sakshandsamar:
Egil Roll

Forslag om forlenging av verknadene av naturmangfaldlova § 44 i verneprosessen for Sognefjorden

Vi viser til Statsforvaltarens brev av 25.03.26.

Naturmangfaldlova § 44 gir reglar om tiltak ved igangsett behandling av verneforslag, for hindre at viktige naturverdiar skadast eller øydeleggast mens verneplanarbeidet pågår. Dersom verneplanprosessen er igangsett, jf. naturmangfaldlova § 42, og tiltaket krev løyve etter annan lov eller forskrift, kan vedkommande forvaltningsorgan utan vidare avslå søknaden. Det kan berre gis løyve når tiltaket er utan nemneverdig betydning for verneforslaget. Når vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, kan Kongen likevel gi løyve til tiltaket.

Vidare går det fram av § 44 at når eit verneforslag er kunngjort, kan offentleg styresmakt ikkje gje tilskot til tiltak i eit område som inngår i verneforslaget, med mindre det gjeld tiltak som er utan nemneverdig betydning eller er positivt for verneforslaget.

Ifølgje § 44 siste ledd, er verknadene av første til fjerde ledd avgrensa til fire år etter at forslaget er kunngjort. Det inneberer at verknadene av kunngjeringa av verneforslaget for Sognefjorden går ut 08.12.26. Regelen opnar likevel for at verknadene kan forlengast med inntil to år. Denne myndigheita er delegert til Miljødirektoratet.

Vi ber om at Statsforvaltaren sender forslag om at verknadene av naturmangfaldlova § 44 forlengast med to år på høyring, som ein integrert del av høyringa av verneforslaget. Vi ber om at innkomne uttalar til forslaget om forlenging, sendast Miljødirektoratet når høyringa er avslutta.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Terje Qvam
seksjonsleder

Egil Roll
seniorrådgiver ii